

Oppdragsgjevar: **Jølster Skisenter AS**
Oppdragsnr.: **52206151** Dokumentnr.: **001**

Til: Sunnfjord kommune
Frå: Johannes Henrik Myrmel
Dato 2023-01-07

► Detaljreguleringsplan Jølster Skisenter

Innleiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtala i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gitt av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Sunnfjord kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunnjevast.

Forslagsstillar for dette planarbeidet er Jølster Skisenter AS. Vurderinga er utarbeidd av Norconsult AS for forslagsstillar.

Planområdet og tiltaka planen skal legge til rette for


Jølster Skisenter jobbar med plan for øvre del av skisenteret i Bjørkelia, der det er etablert heisanlegg med tilhøyrande nedfartar. I nordaust og -vest grensar området til to område for fritidsbygg som er under utbygging. Samla er området på ca. 2.600 daa.

Planen skal legge til rette for:

- Parkering innanfor eit område på 10 daa der det vert lagt til rette for 300 – 400 biloppstillingsplassar.
- Varmestove med ev. fritidsleilegheiter.
- Ny skiheis til «Kvamsbotnen» med tilhøyrande nedfart(ar).
- Kort skiløype for betring av tilbodet for langrenn, spesielt sein haust/tidleg vinter.

I tillegg ligg det føre planar om utviding av kapasiteten til snøproduksjonsanlegget. Utvidinga er anten føresett etablert som dam, eller i form av eit overvassystem som samlar opp vatn for snøproduksjon. Det er lagt til grunn at anlegg som inngår i overvassystemet ikkje føresett at det må søkjast om konsesjon.

Oppdragsgiver: Jølster Skisenter AS
Oppdragsnr.: 52206151 Dokumentnr. 001



Figur 1: Kart med framlegg til avgrensing av planområdet.

Tilhøve til planar

Arealdelen til kommuneplanen vart vedteken den 9. desember 2014 i sak 083/14. I arbeidet stod det sentralt å definere ein strategi for vidare reisemålsutvikling som bygger opp om tettstadane og grendene. Fokuset for arbeidet er nedfelt i mål og føringar, der det under punktet «*Natur- og kulturbasert reisemålsutvikling*» går fram at det kultur- og naturbaserte reiselivet skal utviklast med utgangspunkt i Jølster sine ressursar. Det er i kommuneplanen definert to hovudutviklingsområde, der området i og ved Bjørkelia er det eine.

Fokuset er nærmare omtala i kap. 6 i planomtala til arealdelen. Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til noverande bygg og anlegg. Av § 2-2, bokstav f, går det fram at «*Innanfor område avsett til kombinert bygg og anlegg kan det etablerast/utviklast reiselivsbygg med alpinområde, golfanlegg, fritidsbebyggelse og -leilegheiter, overnatting og utleigehytter med tilhøyrande funksjonar*».

I tillegg er det sett av eit areal til noverande område for fritidsbyggnad.

Det følgjer av § 1-2 i planføresegnene at det er krav om reguleringsplan for tiltaka som planen skal legge til rette for (PBL § 20-2, 1. leidd bokstav a, k og l).

I retningslinjene til planen er det tilrådd at det vert utarbeidd ein felles utviklingsplan for områda ved Jølstraholmen som bl.a. femnar om skisenteret.

Oppdragsgiver: Jølster Skisenter AS
Oppdragsnr.: 52206151 Dokumentnr. 001

Reisemålsutviklinga er vidare særskilt framheva i arealdelen til kommuneplanen jf. kapitel 3 og 6 i planomtala til arealdelen.

Planområdet grensar til reguleringsplanane for:

- Bjørkelia (PlanID.: 14312007001)
- Holtane hyttegrend (PlanID.: 14312007001)

Begge planane vart vedtekne i 2007. Det pågår utbygging av fritidsbustader innanfor begge områda.

Planframlegget og verkeområdet til forskrifta om KU

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Planen skal ikkje legges til rette for tiltak i vedlegg I i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planarbeidet fell difor ikkje innanfor verkeområde til § 6 i forskrifta.

Reguleringsplanen legg til rette for anlegg for heis og nedfart(ar). Det er tiltak som fell innanfor vedlegg II, punkt 12, bokstav a i forskrifta. For å vurdere om planarbeidet kan få vesentlege verknadar, skal den vurderast etter dei særskilde kriteria i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planarbeidet vert vidare vurdert i høve kriteria i § 10 i forskrifta.

Vurdering i høve kriteria i § 10 i forskrift om konsekvensutgreiingar

I vurderinga av om planen kan få vesentlege verknadar, skal det takast omsyn til eigenskapar ved planen eller tiltaket, lokalisering samt påverknad på omgjevnadene. I tillegg skal det sjåast på eigenskapane ved verknadene.

I den påfølgjande vurderinga av planarbeidet opp mot vurderingskriteria, er det gjennomgåande nytta «planområdet». Det vil sei planområdet inkludert ei tilhøyrande buffersone som i praksis utgjør influensområdet.

Eigenskapar ved planen og tiltaket som planen opnar for

Det er etablert ski- og golfanlegg i Bjørkelia. I tillegg er området utgangspunkt for skiløyper mot Vassenden, Gjesdalen og Gjesdalsdalen. Det går òg turveg både vestover langs elva Jølstra mot Kvammen og austover til Vassenden. I elva Jølstra og i Jølstravatnet føregår det fiske.

Det er vedteke reguleringsplanar for Bjørkelia hyttefelt og Holtane hyttegrend. I tillegg er det i vedteken kommuneplan eit utbyggingsområde som ikkje er regulert. Samla opnar desse felta for om lag 250 fritidsbygg. I dag er det ført opp vel 20 fritidsbygg i desse områda. Veg frå dalstasjonen og opp i hyttefelta er etablert, samt system for vatn og avlaup. Utbygginga har føregått over fleire år.

Tiltaka som planen er føresett å legges til rette for flyttar grensa for alpinområdet opp mot toppen av Kvamsfjellet.

Oppdragsgiver: Jølster Skisenter AS
Oppdragsnr.: 52206151 Dokumentnr. 001

Det vert lagt til grunn at naudsynte løyver etter vassressurslova og taubanelova vert henta inn. Innhentinga av løyver vert ivareteke gjennom samordna/parallele prosessar, med særskilde avklaringar mot gjeldande sektormynde.

Det ligg ikkje føre planar om etablering av nye funksjonar innanfor området som skapar risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar. Omsynet til beredskap er føresett ivareteke gjennom den vidare detaljplanlegginga av anlegget og er føresett teke i vare gjennom driftsrutinane ved anlegget.

Påverknad på omgjevnadene

Underpunkta for vurdering av påverknad gjev i liten grad presise kriterium. Det er dermed trong for bruk av skjønn. I vurderinga reknar vi med at terskelen for å rekne følgjer som er nemnt i forskrifta som «vesentlege» er forholdsvis høg, og at reguleringsplanar med «normalt» konflikt- og kompleksitetsnivå ikkje fell inn under det saklege verkeområdet for utgreiings- og handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Vurderinga er basert på informasjon som er henta frå nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

Fleire av underpunkta kan vere relevante.

I § 10 står det at det skal gjerast ei vurdering av om planen kan føre til, eller komme i konflikt med (forskrifta sin ordlyd er rykka inn og angitt med kursiv skrift).

pkt. a)

verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven

Området består av utmarksområde med avgrensa vegetasjon og bart fjell i dei høgareliggende områda opp på Kvamsfjellet på kote +1.000 moh.

Det er verken registrert utvalde naturtypar eller prioriterte artar innanfor planområdet (naturmangfoldlova kapittel VI). Vi har ikkje info. om at området tidlegare er kartlagt. Tolking av ortofoto indikerer at ein ikkje kan utelykke kvalitetar, ism. det som er omtalt i punkt a i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Området er ikkje lokalisert innanfor nedslagsfeltet til verna vassdrag.

pkt. b)

truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnærings eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv

Heile planområdet er lokalisert innanfor Sunnfjord villreinområde. Det er område i kategorien «andre villreinområder». Rein er i siste versjon av Norsk raudliste frå 2021 plassert i kategorien «nær trua» (NT). Det er artar i kategoriane RE (regionalt utdøydd), CR (kritisk trua) og EN (sterkt trua) som vert rekna som «truede arter eller naturtyper».

Det er i nasjonale databasar ikkje registrert naturmangfald eller informasjon om kulturminne innanfor området. På Øygardsstøyleen er det registrert ei rekke stølsbygg/-ruinar av stølsbygg i SEFRAK-registret.

Planområdet er lokalisert innanfor landskapsregion 22 Midtrebygder på Vestlandet og underregion 15 Jølster. Området er del av landskapsrommet som føreheld seg til elvedalen frå Vassenden og sørvestover. Landskapet er vurdert til å vere vanleg førekommande.

Oppdragsgiver: Jølster Skisenter AS
Oppdragsnr.: 52206151 Dokumentnr. 001

Det er lagt til grunn at omsynet til kulturminne-/miljø vert avklara i samsvar med dei ordinære handsamingsrutinane i kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Heile området klassifisert og registrert med stor verdi som friluftsområde, der verdiane er knytt til ski/alpint, turar, bærplukking, sykling og golf.

pkt. d)

større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet

Området består i hovudsak av utmarksareal og fjellområde, med kvalitetar som beiteområde. Arealbruken er avklara i kommuneplanen. Areala vil truleg ikkje falle innanfor det som i forskrifta er meint med «*områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet*».

pkt. e)

økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet

Det er lagt til grunn at alle myndigheitskrav vert ivareteke.

pkt. f)

konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning

Planen vil ikkje legge til rette for nye tiltak som vil kunne få vesentlige negative konsekvensar for helse.

pkt. g)

vesentlig forurensning eller klimagassutslipp

Det er ikkje registrert ureina massar i grunnen. Omsynet til ev. utslepp vil verte ivareteke gjennom føresegnene i forureiningslova med tilhøyrande forskrifter.

pkt. h)

risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom

Området er lokalisert innanfor aktsemdområde for ulike typar skredhendingar. Både byggetomt, parkeringsanlegg, vegar og mastepunkt må kartleggast for skredfare. Omsynet til ulykker er føresett ivareteke gjennom beredskap og HMT-arbeidet.

Dei andre punkta i § 10 i forskrifta gjeld kriterium som ikkje er vurderte til å vere relevante for planområdet.

Førebels konklusjon

Planen skal legge til rette for tiltak over skoggrensa og innanfor Sunnfjord villreinområde. Arealet er registrert som leveområde. Rein er i siste versjon av Norsk raudliste frå 2021 plassert i kategorien «nær trua» (NT). Det er ikkje kategori i Norsk raudliste som vert rekna som «truede arter eller naturtyper».

Vår samla vurdering vert ut frå ovannemnde, at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

Oppdragsgiver: Jølster Skisenter AS
Oppdragsnr.: 52206151 Dokumentnr. 001

Det utelukkar ikkje at Sunnfjord kommune eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osv. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

J02	2023-01-07	Oppdatert med supplerande info. frå rettleiingsmøtet med kommunen den 14. desember 2022.	JoHM		JoHM
J01	2022-08-16	For bruk.	JoHM	AnMGj	
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.